

KOMMISJONSVEDTAK

2006/EØS/30/44

av 6. juni 2003

om endring av vedtak 96/603/EF om utarbeiding av lista over byggjevarer som høyrer inn under klasse A «Bidrar ikke til brann» i vedtak 94/611/EF om gjennomføring av artikkel 20 i rådsdirektiv 89/106/EØF om byggevarer(*)*(meldt under nummeret K(2003) 1673)*

(2003/424/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember
1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter
om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾,med tilvising til kommisjonsvedtak 2000/147/EF av 8. februar
2000 om gjennomføring av rådsdirektiv 89/106/EØF med
omsyn til klassifisering av byggjevarer når det gjeld ytinga
deira ved brannpåverknad⁽³⁾, særleg artikkel 1 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ved kommisjonsvedtak 96/603/EF⁽⁴⁾, endra ved vedtak
2000/605/EF⁽⁵⁾, vart det utarbeidd ei liste over byggjevarer
som høyrer inn under klasse A «Bidrar ikke til brann» og
er fastsette i tabell 1 og 2 i vedlegget til kommisjonsvedtak
94/611/EF⁽⁶⁾, der det vert gjort greie for det europeiske
systemet for klassifisering av byggjevarer når det gjeld
ytinga deira ved brannpåverknad.
- 2) Vedtak 94/611/EF er vorte bytt ut med kommisjonsvedtak
2000/147/EF.
- 3) Merknaden til materialet «Mørtel som inneheld uorganiske
bindemiddel» i tabellen i vedlegget til vedtak 96/603/EF
bør tilpassast den tekniske utviklinga.
- 4) Vedtak 96/603/EF bør difor endrast.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå Det faste byggeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I tabellen i vedlegget til vedtak 96/603/EF bør merknaden
«Pussmørtel og golvmørtel basert på eitt eller fleire uorganiske
bindemiddel, t.d. sement, kalk, mursement og gips» til
materialet «Mørtel som inneheld uorganiske bindemiddel»
bytast ut med «Pussmørtel, golvmørtel og murmørtel basert
på eitt eller fleire uorganiske bindemiddel, t.d. sement, kalk,
mursement og gips».

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 6. juni 2003.

For Kommisjonen

Erkki LIIKANEN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 144 av 12.6.2003, s. 9,
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 25/2004 av 19. mars 2004
om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder,
prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*
nr. 22 av 29.4.2004, s. 12.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 50 av 23.2.2000, s. 14.

⁽⁴⁾ TEF L 267 av 19.10.1996, s. 23.

⁽⁵⁾ TEF L 258 av 12.10.2000, s. 36.

⁽⁶⁾ TEF L 241 av 16.9.1994, s. 25.